

Elin H. Fanebust  
Lindåsvegen 2088  
5955 LINDÅS

Våge, 05.03.2018

Lindås kommune, byggesak  
v/Tone Margrethe Berland Furustøl

## **Tilkomstveg gnr 99/4 Våge - Uttale i samband med ny handsaming 16/1342 – 18/4619**

Fylket har underkjent PMU-vedtak av 28.06.2017 avdi vedtaket ikkje er begrunna. Fylket poengterer samstundes at deira vurdering ikkje må leggje føringar når LK no skal fatte nytt vedtak. Fm har lagt til grunn rådmannen si innstilling som avslører mangel på lokalkjennskap eller synfaring. Ved synfaring ville rådmannen ha sett det motsette, at ny trase er maksimalt **heldig** for både etablert kulturlandskap og innmark i begge tun & nærrområde. Han ville også ha sett at ny trase vil gi Eikevik ein både **kortare** (med heile 70 m !) og meir **funksjonell** veg. Fm ville i sin tur ha sett at ny trase fullt ut stettar «vilkår for å avbøte ev ulemper som disp. frå LNF kan medføre for landskapet og landbruket», sitat Fm, og at ny trase er **einaste** av dei to som stettar slike vilkår.

Ein kan berre beklage at underteikna aldri hadde høve til å vere på bana og imøtegå alle feilpåstandar som låg til grunn for rådmannen si innstilling, då underteikna først, berre tilfeldig, fekk kjennskap til rammesøknaden **etter** at dette rammeløyyet var vedteke 23.11.16. (Rådmannen si (feilaktige) grunngeving fekk eg først kjennskap til eit halvt år etter dette igjen via sakspapir)

***Påstander frå Eikevik/Harris om ulemper og «urimeleg tyngande» vilkår ved ny trase er uriktige, som ein her vil vise. Dette er fakta:***

### NY TRASE IVARETAR INNMARKA

Vil ikkje ta **ein** kvadratmeter innmark frå nokon av bruka.

Vegen kjem i grensa ut svært gunstig i direkte linje berre **18 m** frå Eikevik sin garasje /parkeringsplass. Desse 18 m består idag av nakne berghamrar, all innmark og kulturlandskap er her gravd vekk av Eikevik sjølv og skal uansett totalomarbeidast.

Den omsøkte traseen, som rådmann/Fylke går inn for ville derimot ha påført *den alt etablerte innmarka i* begge tun **70 meter** kryssande vei.

Fanagro anfører i sitt brev til LK at det er uheldig med (18 m) vei som krysser (*framtidig, pr idag ikkje-eksisterande*) innmark. Med Eikevik/Fanagro sitt alternativ vert det altså **70 meter vei** som krysser *alt etablert innmark* der begge bruk si beste innmark vert skadelidande delt opp (for 99/1 vert bruksverdien på avdelt innmark tilnærma null for all framtid).

**KONKLUSJON: Ny trase er det klart beste alternativet for innmarka på 99/4, og på Våge totalt.**

Fanagro si utsegn berre *forsterkar*, som vist ovanfor, denne konklusjonen.

### NY TRASE IVARETAR KULTURLANDSKAPET

Vil ikkje kome i konflikt med nokon del av etablert kulturlandskap. Eikevik sin omsøkte trase vil derimot vere *totaldominerande og maksimalt øydeleggjande for det historiske avtrykket og kulturlandskapet i begge tuna.*

Ivaretaking av kulturlandskapet kan *kun oppfyllast gjennom ny trase.* Fordel Eikevik: Han stettar eit *heilt* grunnleggjande vilkår for sin konsesjon.

### NY TRASE VERT 70 METER KORTARE FOR EIKEVIK

Traseen vil gje Eikevik ein 70 meter kortare veg frå hovudvegen fram til tunet på 99/4. Fordel Eikevik: lågare vedlikehaldskostnader samt spart tidsbruk.

#### NY TRASE VERT BILLEGARE Å ANLEGGE

99/1 vil anlegge og koste første halvdel av ny trase, totalt 52 meter (sjå vedl. bilag). Den siste halvdel av vegen, der Eikevik ber kostnadene (sjå vedl. «Avtale om veg»), vert på 43 m. Nødvendig omfattande utbedring/forsterking/oppgradering av nordre trase med forlenging fram til nytt tun ville måtte utgjort 117 meter nyanlegg vei, inkludert 5 m høg støttemur/fylling på utsida mellom 99/1 si løe og stikkveg-avkjørsel. Ny trase vil gi *vesentleg* mindre kostnader, fordel for Eikevik.

#### NY TRASE VERT FUNKSJONELL (i motsetnad til dagens 2 m dysfunksjonelle i 90° vinkel)

Vil støtte krav til tyngre kjøretøy, i motsetnad til dagens håplause, ubrukelege trase. Eikevik har ståande i tunet sitt ei 18 tonns gravemaskin med breidde 5,41 cm. Denne må ein ta høgde for skal kunne fraktast ut og inn av tunet.

Han skal og i gang med byggeprosjekt der det er bruk for solid, funksjonell vei for å kunne bringe fram ulike tunge/store element i byggeprosessen. Ny trase vil innebere *stor* fordel for Eikevik.

#### NY TRASE VERT FRAMTIDSRETTE

Gir maksimalt rom for å kunne utvikle gnr. 99/4 vidare, utan å vere til utilbørleg sjenanse for nabo. Dette i motsetnad til dagens trase gjennom 99/1 sin hage, der 99/1 ville måtte ta all framtidig belastning med auka trafikal utvikling på 99/4, og naturleg ha innsigelsar mot dette.

#### KONKLUSJON «VILKÅRSLÆREN»

*Ny trase skåner innmark og kulturlandskap, som einaste av dei to alternativa. Ny trase representerer i tillegg klare og målbare fordelar for Eikevik m.o.t. lengde, kostnad, vedlikehald, framtidsmulegheiter og funksjonalitet på vei.*

*Det er dermed ikkje grunnlag for å hevde, slik Harris gjer, at ny trase vil vere «urimelig tyngende» og «ikke har en naturlig og saklig sammenheng med dispensasjonen fra LNF-formålet». Konklusjonen er den stikk motsette, som eg over har vist.*

#### OM FANAGRO OG ETTERRETTELEGHEIT

Urimeligheten i denne saka ligg ein heilt annan stad. Det har vore svært tyngande å måtta forhalde seg til så gjennomført grad av usannheiter gjennom advokatar og konsulentar over så lang tid. Ein har måtta ta i bruk store delar av all si tid i brev etter brev med heilt påkravd korrigering og tilbakevising. Fanagro framstår i denne saka som langt frå etterrettelege, eg viser spesielt til mine brev til LK av 10.08.17 og av 12.10.17. Usannheitene som er påvist her er så gjennomførte og grove at dei talar for seg, det gjeld alt frå «fakta» om vegar etc. til tal for kostnader. Fanagro fornektar seg heller ikkje i sitt siste brev til Lindås kommune. Fanagro sitt dokument-arbeid i denne saka burde ha vore ettersyn på. Fanagro sine gjennomførte uetterrettelegheiter, dels gitt tyngde gjennom advokatfirma Harris, har vore tyngande og belastande for underteikna, og sikkert forledande og fordyrande for Eikevik.

#### FANAGRO OM EKSISTERANDE STIKKVEG

For å «lure gjennom» eit rammeløyve har Fanagro til no gått god for ein vei på 2 m breidde i 90° vinkel. Når dei no vert pressa av LK seier dei at dette sjølvagt ikkje går.

Det Fanagro så gjer er i brev til LK av 26.01.18 å prøve å pynte. Når dei i brev av 26.01. skal angi utviding i kurve på eksisterande stikkveg serverer dei eit nytt «luretal» til kommunen: «breddeutvidelse 1,5 m i midten av svingen, jevnes ut over avstand på 15 m» medan rett tal for utviding av ein 2 m brei veg i 90° vinkel (jfr. vedlagt «Normaler for landbruksveier») inneber at vegen må verte 8,8 m brei eks. grøfter i kurve, utjamna over 20 meter. Dvs. ei utviding på 8,8 m–2m= 6,2 meter og ikkje 1,5 m som Fanagro oppgir.

**Ei slik utviding i kurve vil utgjere utilbørleg inngrep på innmarka/i tunet til 99/1.**

**Ei slik utviding vil også vere uforenleg med vegrett frå 1906 på 2 meter.**

## FAKTA OM EKSISTERANDE STIKKVEG

- Har 2 m breidde i 90° vinkel, totalt ueigna.
- Jordvei slått med grasklippar. Bør gå tilbake til innmark/hage slik det var inntil 1990-talet, då denne provisoriske veien vart til.
- Vil då utgjere ei samanhengande, tenleg innmark som før 1990 («Søre bøen»). Samstundes vert det sentrale kulturlandskapet ivaretatt.
- Denne provisoriske veien frå 90-talet var tilpassa sporadisk fritidsbruk på 99/4 og avstand på kun 10 meter mellom husa på 99/4 og 99/1. (Før 1990 gjekk veien *kloss* forbi husa på 99/1, tilpassa det gamle «klyngetunet»).
- Anlegging av nytt tun på 99/4 lenger sør gjer det hensiktsmessig med ny trase.

## URIMELEG BELASTNING MED TRASE SOM I DAG

- Unaturleg og urimeleg belastande for 99/1 dersom 99/4 sin framtidige trase skulle gå i «omveg»/sløyfe innom 99/1 sin hage, til uoppretteleg skade for innmark og kulturlandskap.
  - Unaturleg og urimeleg belastande om 99/1 skulle bere heile belastninga med all trafikk til og frå 99/4: Nær 100 m **totalt unødvendig** u-sving gjennom 99/1 sin hage, dominerande og til utilbørleg sjenanse visuelt og lydmessig, ute som inne. Må pårekne tung trafikk, Eikevik er i entreprenør- bransjen, disponerer 18 tonn gravemaskin og skal i tillegg bygge stort element-hus.
  - Urimeleg belastande at veg mellom 99/1 si løe og stikkveg då måtte forsterkast med fylling på nedsida for å sikre at vegen vil tåle Eikevik sine maskiner. I tillegg måtte avkjørsel og stikkveg i tunet til 99/1 bli kraftig utvida iflg. «Normaler for landbruksveier» (sjå vedlegg). Resultat: 99/1 sitt tun/hage ville blitt eit stort, dominerande veganlegg.
  - For å illustrere ytterlegare: Eventuelle grunder på innmarka hjå 99/1 ville f.eks. måtte hatt 6 m(!) breidde for å sleppe gjennom gravemaskina til 99/4.
- Eit moment som har kome til når det gjeld urimeleg belastning med trase gjennom 99/1 sin hage er dette: Eikevik har ved oppførsel vist seg etisk uskikka til å kome nær innpå 99/1 sitt private nærområde. Han har utført systematisk og krenkande snikfotografering over fleire år, viser det seg. Eit stort og omfattande biletmateriale med grovt injurierande, grunnlause påstandar vart i okt. 2017 i «ond hensikt» massedistribuert av Eikevik til div. offentlege etatar, i tillegg forsøkt lagt offentleg ut på kommunen si postliste. Difor eit påkravd ønskje om å halde Eikevik så langt vekk frå innsyn i tunet som råd.

## OM VEI OG VEIRETT

- 99/1 har åleine opparbeidd heile lengda av den vegen som ligg idag, 99/4 har verken bidratt med opparbeiding eller vedlikehald.
- Vegen var nybygd med ny trase på 1970-talet, i ein periode då det ikkje lenger budde folk på 99/4.
- . 99/4 sin vegrett gir følgeleg ikkje 99/4 rett til **utan vederlag** å ta denne vegen i bruk.
- . 99/4 disponerer vegrett til **ei** bueining.
- Vegrett frå 1906 skriv seg frå tida med to hus i «klyngetun» på Våge, naturleg **då** å dele felles veg.
- Ved flytting av 99/4 sitt tun lenger sør vert premissane endra.
- Anlegging av nytt tun lenger sør gjer det hensiktsmessig med ny trase.
- Dersom det nye tunet på 99/4 hadde vore ei **ny-etablering**, ville det **aldri** vore aktuelt å leggje ein over **100 meter omveg** gjennom 99/1 sin hage først, slik som eksisterande trase.

## SLUTTORD:

Alternativ trase vil vere den optimale løysinga for 99/4 sitt nye tun.

Forslag til «Avtale om veg» (vedlagt) var forelagt Harris/Eikevik for 1 år sidan, vegen kunne alt stått ferdig.

Med vennleg helsing  
Elin H. Fanebust

elektronisk brev, difor ikkje underskrift

### 3 øvrige vedlegg